

## **Årsmelding for Herand Kvinne og Familielag 2019 :**

9. januar : Medlemsmøte i gamlestova på Tveite. Planlegging av vårprogram.

30. januar : Ansvar for kaffistund på Vikevollen. (Jondal alders og sjukeheim).  
Underhaldarar: Einar Ystevik, Frøydis og Magnus Eiken frå gruppa Lurveleven.

6.februar : Årsmøte i gamlestova på Tveite.

27. februar : Ansvar for kaffistund på Vikevollen.  
Underhaldar: Kurt Hatten som var innleigd av Eldrerådet.

25. mars : Marsmøte i Bedehuset i Jondal. Jofrid Kårstad Espeland kåserte om Per Sivle.  
Bordkonkurransen, loddsal, god mat og god prat.

27.mars : Ansvar for kaffistund på Vikevollen. Underhaldar: Sofie Øye.

3. april : Tur på turstiane Sollesnes Svåsand for medlemmer i K&F laget og andre.

6.april : Kvinne og Familie laga i Jondal og Herand skipa til basar på Vikevollen.

24. april : Ansvar for kaffistund på Vikevollen. Underhaldarar: Haldor Tuvin og Kristine Drake.

27. april : Bygdedugnad i regi av Herand Bygdelag.  
Tradisjonen tru serverte me heimelaga graut og kaker til heile dugnadsgjengen i Bedehuset.

8. mai: Den planlagde turen med båten til Ulvik vart avlyst.

22. mai : Ansvar for kaffistund på Vikevollen. Underhaldar: Una Eiken.

5. juni : Sommaravlutning på Vikevollen. Samarbeid mellom Frivilligsentralen og Jondal og Herand Kvinne og Familielag. Underhaldar: Ole Gjerde.

11. september : Sesongstart i gamlestova på Tveite. Planlegging av haustprogram.

25. september : Ansvar for kaffistund på Vikevollen.  
Underhaldning av ei gruppe frå Lurveleven.

2. oktober : Medlemsmøte i gamlestova på Tveite.

23. oktober : Ansvar for kaffistund på Vikevollen. Underhaldning av Solveig Marie Huus.

6. november : Medlemsmøte i gamlestova på Tveite.  
Me laga haustdekorasjon under rettleiing av leiaren vår Marit Samland.

20.november : Ansvar for kaffistund på Vikevollen. Underhaldning av Una Eiken.

4. desember : Jondal og Herand Kvinne og Familielag samarbeidde om adventstund på Vikevollen. Stort frammøte, harmonisk stemning, gode julekaker mm, flott pianospel av Haldor Tuvin, solosong av Kristine Drake og allsong. Etterpå samlast medlemmene frå begge laga til god middag og ei hyggestund i eit fint og julepynta eldhus på Vassel Gard i Herand.

Skrivar Marta Bergstø.

